

Årsmelding 2025

Landro sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Landro sokn



Landro sokneråd



**Tove Karin
L. Angeltveit**
Soknerådsleiar

Helsing frå soknerådsleiar

«Hva er jeg takknemlig for? Ja, kanskje vi skulle begynne hver dag med å stille oss det spørsmålet. Svarene blir nok like mange og forskjellige som vi er mennesker i dette landet. Men én ting håper jeg vi deler: Takknemligheten for hverdagsdemokratiet vårt. Og at vi sammen vil gjøre vårt beste for å ta

vare på det – og velge det gode når vi kan.»

Sa Kongen i sin nyttårstale. Vi kan tilføye takknemlighet for kyrkja vår, for dei tilsette, for alle frivillige og for at vi lever i eit land der vi kan få leve med trua vår.

Soknerådet sin årsrapport

«Nær Gud – nær menneske» med fokus på Kristus-forkynning, frivillighet og fellesskap. Dette er soknerådet sin visjon som ligg til grunn for arbeidet vårt.

I løpet av eit år er det mange ulike menneske innom kyrkja vår, i ulike samanhengar. Vi vonar at alle som kjem kan kjenne seg velkomne og heime – i alle livets faser. Vi ønskjer å være ei kyrkje som er nær Gud og nær menneske.

Samansetjinga av rådet

Det har vore ein del endringar i løpet av året, men mot slutten av året var samansetjinga som følger:

- Tove Karin Angeltveit (leiar)
- Kirsten Kjølén (nestleiar, fellesrådsrepresentant)
- Kjersti Berland Hassel
- Anne Kristine Christiansen
- Sven Bech-Sørensen
- Elias Solsvik
- Ingvild Tellnes (permisjon)
- Dag Olav Bjørøy (permisjon)
- Laila Linde Lossius (vara, permisjon)
- Hilde Heggholmen (vara)
- Mona Alvøen (vara)
- Sokneprest Morten Torsvik har fast plass i soknerådet.

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har hatt 11 møter og handsama 91 saker. I tillegg har vi hatt ei strategisamling over ein heil dag, der tema var frivillighet.

Viktige saker har mellom anna vore:

- Arbeid med utval, komitear og arbeidsgrupper
- Gjevartenesta til barne- og ungdomsarbeidet
- Frivillig-oppfølgning

- Gudstenesteforordning
- Lydforholda i kyrkja
- Strategiplan for fellesrådet
- Sundagsskuletilbod
- Tilsetjing av ny kyrkjelydspedagog i 80% stilling
- Økonomi, budsjett, rekneskap m.m.
- Dugnad for å ferdigstille kontorlokaler og nytt kjøkken/møterom oppe
- Inspirasjonssamling vår og haust
- Gudstenestelister, offerlister
- Hausttakkefest, julefest og sommarfest
- Semesterprogram vår og haust
- Strategisamling frivillighet
- Fellesgudsteneste på Bibeldagen
- Vi syng jula inn
- Bibelgruppe
- Bønnegruppe
- Basar
- Medarbeidarfest for frivillige medarbeidarar
- Credo-appen
- Misjonsavtale

Soknerådet har følgjande underutval og arbeidsgrupper i funksjon:

- Gudstenesteutval
- Diakoniutval
- Vaksentilbudkomite
- Generasjonsskvelldkomite
- Basargruppe
- Lavvogruppe

Vi har også frivilligrupper/støttegrupper for «God nok», Landroklubben, T-dagane, 3. klassevandring, bibelgruppe og bønnegruppe.

Vi har flotte frivillige medarbeidarar, og dei gjer ein fantastisk innsats. Utan alle disse vil mykje av arbeidet i soknet vårt bli fattigare og sannsynlegvis måtte fleire aktiviteter vorte nedlagde. Det ønskjer vi jo ikkje, for vi ser at det arbeidet som vi har betyr mykje for mange i alle aldrar. Det bør være eit bønneemne i 2026 at vi kan bli fleire frivillige medarbeidarar!

Arbeidet med å styrkje økonomien blir eit av satsingsområda for soknerådet i det kommande året. Det er eit stort behov for å få auka inntektene våre i åra framover dersom vi ønsker å oppretthalda og vidareutvikla tilbodet vårt.

I desember 2027 er det 50 år sidan kyrkja vart vigsla. Dette har vi tenkt å markere, så ein jubileumskomite er satt ned for å jobbe fram mot det. «Jubilanten» har fått ein makeover med nytt kontor og kjøkken, men det er ønske om at også kyrkjelydskjellaren kan bli oppgradert til jubileet. Dette er eit lokale som vert mykje brukt til ulike føremål i eigen regi, men også til utleige for dåpsselskap, minnesamvær og bursdagsfeiringar. Vi vonar på både økonomisk og praktisk støtte til dette i 2026!

Hjarteleg takk til kvar og ein av dykk som vitja Landro kyrkje i 2025! Og hjarteleg takk til våre dyktige og engasjerte medarbeidarar – frivillige og ansatte! De gjer ein uvurderleg innsats for at vi skal være ei kyrkje nær Gud og nær menneske.





Årsmelding frå soknepresten



Morten Torsvik
Sokneprest

Dette har vore mitt første heile år som sokneprest i Landro kyrkje. Eg kjenner meg framleis ny i rolla, men opplever samstundes at prestenesta gradvis finn si form.

Året har vore prega av store endringar, både når det gjeld bemanning og når det gjeld kontor-lokaliteter. Fleire i staben har vore

i foreldrepermisjon, ein trusopplærar har slutta, ein mellombels vikar har vore inne, og vi har fått ny diakon. I tillegg har store delar av året vore prega av ombygging av kontor og dåpssakristi. Kombinasjonen av byggeplass på ubestemt tid, rot, vikarar og nytt mannskap har skapt mykje frustrasjon og tært på kreftene – både hos tilsette og frivillige.

Samtidig, som eg og skreiv i fjor, skjer det mykje i Landro kyrkje. Det har blitt arrangert temakvelder, bibeltimar, generasjonssamlingar, T-dagar, treff i kyrkjekjellaren, babysong, medarbeidarfest, basar, soknemøte, kyrkjemiddagar, vekentleg bønn på tysdagar og sommarfest. Fleire kor har hatt øvingar i kyrkja og delteke på gudstenester. Landroklubben har hatt sine samlingar, og det diakonale prosjektet «God nok» har arrangert mange samlingar der fleire hundre ungdommar har deltatt. Alt dette kviler på eit omfattande frivillig arbeid. Gjennom desse møtepunkta får Landro kyrkje mange muligheter til å få synleggjort visjonen som vart vedteken i 2024: «Nær Gud, nær menneske».

I 2025 vart det halde 60 gudstenester (50 i 2024), med eit samla frammøte på 6125 (4866 i 2024).

Seks av gudstenestene var nattverd-gudstenester på Kvednatunet, og fem var skulegudstenester. Av gudstenestene vart 41 halde på søndagar og heilagdag (38 i 2024), med eit samla frammøte på 3778 (3542 i 2024).

Det vart døypt 29 barn (35 i 2024), 75 vart konfirmerte (50 i 2024), eitt brudepar vart vigd (0 i 2024), 1239 mottok nattverd (1293 i 2024), og 32 vart gravlagde eller bisette (21 i 2024).

Deltakinga på ordinære søndags- og heilagdags-gudstenester har vore relativt stabil dei siste åra. Samstundes ser vi store endringar i statistikken: medan talet på dåp gjekk ned med over 30 %, auka talet på konfirmanter med nesten 50 %. Årsaka til dette veit eg ikkje, men endringane er markante. Statistikken viser likevel at tala varierer mykje frå år til år i Landro, men talet på konfirmanter i 2025 var ny rekord. Når det gjeld gravferder, ser vi ein svak auke frå fjoråret, men den tydelegaste utviklinga er at fleire vel bisetting framfor tradisjonell gravlegging – ein trend som har vorte stadig klarare dei siste åra.



Landro si visjon, «Nær Gud, nær menneske», blir stadig oftare løfta fram i arbeidet og er eit godt utgangspunkt for vegen vidare. Trass i utfordringane har det vore mykje å gle seg over. Forsangartenesta på gudstenestene – ikkje minst når barnekoret har vore med – er slike høgdepunkt som gir både mot og oppmuntring. Vi arbeider vidare med å få søndagsskulen i gang att og etablere ei bibelgruppe i kyrkja. Kanskje kan vi også i større grad opne kyrkja gjennom året og få heile mannskapet på plass. I Landro kan store ting skje.

Statistikk




Pr. 31.12.2025 er det
4 090 medlemmer
i Landro sokn.


DELTAKING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT



ANTAL
DØYPTE



ANTAL
KONFIRMERTE



ANTAL
GRAVFERDER



ANTAL
VIGDE



Årsmelding frå barn og unge

Først: Dei aller minste!

T-dagen heiter framleis T-dagen, sjølv om namnet "trusopplæring" no er bytta ut med "kyrkjeleg undervisning og læring". T-dagen inviterer framleis til tru, tillit, tilhøyrslø og tradisjonar.

T-dagane i småbarnsfasen inkluderer ofte heile familien og vil støtte heimen i å formidle trua til dei små: Dåpskurs, dåp, babysong, påskevandring, adventsbok og kyrkjebok for 3- og 4-åringane, og samlinga med sauane og Den gode gjetaren når borna er fem år. Vi møter også mange av dei minste gjennom påskevandringar og julevandringar som kyrkjelyden inviterer alle barnehagane til.

Det har vore rekorddeltaking på babysong: 65 babyar har deltatt på éi eller fleire samlingar på T1babysong i Landro i 2025! Babysongen er eit samarbeid mellom Open barnehage (Øygarden KFUK/KFUM) og kyrkja.

Skulealder

Borna i skulealder inviterer vi til adventsgudstenester, skuledag i kyrkja for 3.-klassane, bibelundervisning på skulen for 5.-klassingane og i fjor vår hadde vi besøk

av 2.-klassingane på kyrkjegarden, med tema sorg, gravferd og håp.

Å jobbe saman, tverrfagleg, både frivillige og tilsette medarbeidarar, er ei stor glede i alle desse møtepunkta. Hos borna møter vi stort engasjement, kloke spørsmål, ei openheit og tankar om tru som gjev oss påfyll til vårt eige liv.

Statistikken frå i fjor viser at kyrkja er viktig for mange. Samstundes ser vi også at ein del av T-dagane har låge deltakartal. Alvoret i dette skal vi ta med oss inn i fornying og utviklingsarbeid.

T-dagane er opne for alle som ynskjer å vere med frå det aktuelle årskullet, men det er berre medlemmane våre vi kan nå med invitasjonar i posten og ved SMS. Ein viktig del av å utvikle tilbodet til alle døypte og interesserte, er å faktisk nå ut til alle familiene som bur i Landro sokn med invitasjon og informasjon om T-dagar og alle andertilboda i kyrkja for familiar.

Ungdomstida

Konfirmantarbeidet er eit omfattande tilbod med undervisning, gudstenester, foreldremøte,



innsamlingsaksjon og interessegrupper, til saman 60 timar per konfirmant. Konfirmanttalet er høgt, heile 74 konfirmantar vart konfirmerte i mai, det utgjer 90% av medlemmane i aldersgruppa.

I Landroklubben er det stor aktivitet, og det er gledeleg engasjement i fredagsklubben, både blant deltakarar og blant frivillige og tilsette medarbeidarar. 75 ungdommar i alderen 14-18 år har vore innom klubben i år, det er ei auke frå 40 i 2024. Klubbens hovudleiar er ungdomsarbeidar Kyung Mi Yun. Ho uttrykkjer stor takksemd for ungdommane og dei engasjerte vaksne i kyrkjelyden som er med og driv klubben saman med henne og kyrkjelydsarbeidar Eivind Kausland Lie.

Vi har samarbeid med naboane våre Fjell og Foldnes sokn om leiarkurset LED og nokre andre fellestiltak for ungdommar: LED er, saman med Landroklubben, eit viktig fellesskap for dei av konfirmantane våre som vil bli med vidare.

Vi draumar om at endå fleire blir med i kyrkjelyden sine fellesskap etter konfirmanttida. Her trur vi medverknad og stemmene frå ungdommane sjølve vil vere avgjerande! Korleis skal vi saman få engasjert

ungdommane slik at dei i endå større grad kan kjenne eigarskap og tilhøyrse til fellesskapa i kyrkjelyden?

Endringar blant dei tilsette

Kyrkjelydspedagog Kari Burke-Romarheim slutta i oktober, og ny kyrkjelydspedagog Ingrid Kopperud er tilsett. Medan Ingrid er i morspermisjon (ut 2026), er spesialpedagog Stine Gjertsen vikar. Ungdomsarbeidar Kyung Mi Yun har delvis studiepermisjon frå september 2025 til juli 2026, og kyrkjelydspedagog Sunniva Hellesøy er vikar for henne i konfirmantlærarteamet.

Eit lite framblikk

Lat oss sjå ein gong til på dei 48 små menneska som var éin eller fleire gonger på babysong i 2025: I dei nye lokale planane for kyrkjeleg undervisning og læring er begrepet livslang læring tatt inn som ei ramme og eit mål: Vi ser fram til å jobbe for ein større heilskap i planane og arbeidet i kyrkjelyden: Korleis kan vi framover best sikre at alle i kyrkjelyden skal få tilbod om undervisning og læring om Bibelen og trua, uavhengig av alder og livsfase?



Rekord på babysong i Landro: 65 babyer


| Det er registrert 33 døypte babyar i soknet



UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Prosent av antal medlemmer i årskullet


T4 KYRKJEBOKA




T7 SPRELL LEVANDE



T10 HALLOTWEENS



T13 ACTION



Årsmelding frå diakonen



Synnøve Elvina Engelsen
Diakon

"Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjord gjennom liv og teneste."

Dette er visjonen for den diakonale tenesta til Den norske kyrkja og gjennom det diakonale arbeidet i Landro sokn arbeider vi for å møte menneske i ulike livssituasjonar og skape varme fellesskap der vi har omsorg for kvarandre.

Diakoniutvalet i Landro består av diakon og tre frivillige medarbeidarar. Vi utarbeider eigen plan for diakoni i Landro, samt tiltak som tilbyr fellesskap. Diakoniutvalet har gjennomført mellom anna "kyrkjekaffitur" til havutsikten og jettegrytene i Angeltveitmarka. Ein kjekk tur med prat og god oppleving.

I samband med allehelgen delte vi ut vel 150 lys på Ågotnes torg laurdag 1. november. Vi opplevde mange fine samtaler og menneske som vart glad for å få eit lys frå kyrkja. Dagen etter inviterte vi til kyrkjekaffi etter allhelgemesse med ein spesiell invitasjon til dei som har opplevd dødsfall i nær relasjon det siste året. I gudstenesta vart alle som er gravlagd tilhøyrande Landro sokn det siste året lest opp ved namn og tent lys for.

Kvar siste onsdag i månaden er det treff i kyrkjekjellaren. Tilbodet på dagtid samlar mellom 20-25 personar til song, mat, andakt og foredrag. Mange opplever eit godt fellesskap her. På Treff er det 3-4 frivillige medarbeidarar som lagar til mat, serverer og

ryddar. I 2025 vart det gjennomført 10 Treff, seks på våren og fire på hausten. Leiar for treffa i Landro er Bodil Lee Espedahl.

"Generasjonskveldar" i Landro kyrkje er eit arbeid der ein gjennom varierende aktivitetar, har som formål å møtast på tvers av generasjonar. Populære kveldar er lefsebaking og binding av blomekrans. Det er tre frivillige medarbeidarar som saman med diakonen arbeidet. I 2025 hadde vi seks generasjonskveldar.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste, både i samtalar med enkeltpersonar og med ulike arrangement. Oktober er månaden vi har ekstra fokus på sorg. I samarbeid med dei andre kyrkjelydane, arrangerte diakoniseksjonen eit felles sorgseminar.

"God nok" er no eit godt etablert samarbeid mellom kyrkja og skulen på Landro. Arbeidet har fokus på 7. trinnselevane og styrke den psykiske helsa til elevane. Saman med helsejokepleiar på skulen har diakonen samtalegrupper og undervisning på skulen. Annakvar måndag er det "etter skuletid" i kyrkja, der vi har samling, måltid og lek/aktivitetar. God nok har fire faste frivillige medarbeidarar med i samlinga i kyrkja. Vi jobbar ut frå samtalematerialet "meningen med meg" som tek opp følelsar som sagn, sorg, glede og lengsel. Målet er å gi elevane eit språk og verktøy dei kan ta i bruk når ein opplever sterke kjensler i livet. På "God nok" har vi også stort fokus på samhald og meistring. Elevane opplever stor glede av å være saman.

25 elevar var med på God nok vårsemesteret i 2025 mens på hausten var det 30 elevar med i arbeidet.



Årsmelding frå kantor



Eline Olsen
Kantor

Konsertar som blei haldne i Landro kyrkje

- 04.01: Julefest med barne- og tweenskor, blåsarar, songsolistar og forsongarar.
- 15.03: Basar i Landro kyrkje med Landro barne- og tweens-/teenskor.
- 21.03: Konsert og allsong med Divisi: «Sammen i Sangen».
- 06.04: Jazzgudsteneste kombinert med konsert. Med blåsarar, band og forsongarar.
- 10.04: Internkonsert med Øygarden kulturskule.
- 27.05: Sommarkonsert med Fjell barnekor og Landro barne- og tweenskor i Fjell kyrkje.
- 07.12: Vi syng jula inn medverkande: Sotra Storband, Landro barne- og tweens-/teenskor, Landro Vokal, songsolistar og band.
- 14.12: Vi syng jula inn i Fjell kyrkje, der kantor og songarar frå Landro kyrkje deltok.
- Landro barne-, tweens- og teenskor
 - » 04.01: Konsert på Julefesten
 - » 15.03: Basar i Landro kyrkje
 - » 13.04: Familiegudsteneste på Palmesøndag
 - » 17.05: Born frå barne- og tweenskor deltok på 17.mai-Gudsteneste i Landro kyrkje.
 - » 27.05: Barne- og tweenskorkonsert i Fjell kyrkje kyrkje saman med Fjell barnekor
 - » 15.06: Nokre born frå barne- og tweenskor deltok i lag med vaksne på Gudsteneste med sommarfest.
 - » 07.09: T4- gudsteneste
 - » 21.09: Nokre tweensjenter var med på presentasjonsgudsteneste i Landro kyrkje.
 - » 19.10: Familiegudsteneste med Hausttakkefesttema
 - » 09.11: Ei tidlegare teensjente var med som forsongar og solist på Kveldsgudsteneste
 - » 30.11: Familiegudsteneste på 1. søndag i advent
 - » 07.12: Vi syng jula inn
- Landro vokal
 - » 09.03: Kveldsgudsteneste
 - » 07.12: Vi syng jula inn i Landro kyrkje
 - » 14.12: Vi syng jula inn i Fjell kyrkje
 - » Fleire av Landro vokal sine songarar er med som forsongarar på mange gudstenester igjennom året. Ei av medlemmane er også ofte med barne- og tweenskor når dei deltek, som dirigent og songar.

Gudstenester

Musikkarbeidet i gudstenesta følgjer vanlegvis ein mal der ein legg vekt på eit variert musikalsk uttrykk, med bruk av både orgel og piano, nokre gangar blåsarar, og med forsongarar på fleire av gudstenestane.

Vi har i 2024 hatt musikkinnslag i gudstenester og konsertar med følgjande musikalske aktørar:

- Blåsarar: Vi har med oss fleire dyktige blåsarar frå både kyrkjelyden og frå Samarbeidskorpset Sotra Vest/Ulveset som har vore med og spelt på til dømes julefesten, gudstenester, jazzgudsteneste, jule- og høgtidsgudstenester, 17. mai og Vi syng jula inn.
- Øygarden kyrkjebrass deltok på gudsteneste 30.03
- Komp og lyd: Vi har med oss fleire i kyrkjelyden, og nokre som vi lånar eller leiger inn, som speler bass, trommer og som stiller lyd for oss på gudstenester og konsertar.

Barne- og tweenskorarbeid:

I Landro barnekore er det ca. 11 barn frå 4 år til og med 2. klasse. Koret samarbeider tett med Landro Tweens-/Teenskor, som i 2025 talde 6 jenter før sommaren, og 13 jenter etter sommaren. Tweens blei etter sommarferien rekna frå 3. klasse tom. 7 klasse.

Alle kora øver kvar tysdag. Barnekoret øver frå 17.30 til 18.25, tweensjentene øver fra 18.30 til 19.25.

Kantor Eline Olsen er dirigent, pianist og hovudleiar for kora. Eivind Kausland Lie hjelper til sosialt og med andakt annakvar veke. Fleire andre frå Landro sokneteam er med på skift, ca. ein gong i måneden og held andakt og/eller aktivitet med barnekoret.

Bodil Lee Øknses Espedahl er ofte dirigent for barnekoret ved opptreden.

Landro vokal

Landro vokal tel ca. 11-12 songarar fordelt på sopran, alt, tenor og bass. Koret syng salmer og songar i «bedehus-stil», og i pop-/gospel-/jazz- og latin stil. Vi øver prosjektbasert mot konsertar eller gudstenester der koret skal vere med.



Medarbeidarane i Landro sokneteamb:

Medarbeidar	Stilling
Morten Torsvik	Sokneprest
Synnøve Elvina Engelsen	Soknetamleiar/diakon
Eline Olsen	Kantor
Line Steinsland	Administrasjonskonsulent
Ingrid Kopperud	Kyrkjelydspedagog (permisjon)
Stine Gjertsen	Trusopplærar (vikar)
Eivind Kausland Lie	Kyrkjelydsarbeidar
Janesh Amenya	Kyrkjegardsarbeidar/ helgekyrkjetenar
Vegard Lynglund	Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Årsrekneskap Landro sokneråd 2025

Landro sokneråd har i 2025 hatt eit samla overskot på kr 9.124. Samla utgifter utgjer kr 435.148 og samla inntekter utgjer kr 444.272. Mindreforbruket vert foreslått avsett til disposisjonsfond.

Landro sokneråd har i 2025 brukt kr 121.000 til å dekke 20% ungdomsarbeidar stilling i fellesrådet.

Offer innsamla til eigne verksemd utgjer kr 60.281 i 2025, fordelt på kr 55.181 til generelle formål og kr 5.100 til kyrkjemusikk. Offer til andre formål utgjer kr 118.097, av dette er kr 31.058 til misjonsprosjektet. Det vart samla inn kr. 83.325 på fast gjevarteneste til barne og ungdomsarbeid i soknet. Gåver frå andre utgjer kr 87.230, mellom anna kr 19.808 til fasteaksjonen, kr 25.000 til diakonprosjektet God nok frå Sparebanken Vest, og kr 11.300 til kyrkjemusikk.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Landro sokneråd på mange ulike måtar i 2025.

